

Merknadsskjema – Endring av detaljreguleringsplan for del av gnr. 81 bnr. 1 m.fl. Risøy

Plannavn	Reguleringsendring for del av gnr. 81 bnr. 1 m.fl. Risøy
Arealplan-ID	Plan-ID 1263_200808
Saksnummer	20/1442
Utarbeidet av	Holon Bergen AS
Sist revidert	12.03.20

Nr.	Avsender	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillar si kommentar
1	<u>Private merknader:</u>		Ingen mottatt.
	<u>Høringsinstanser:</u>		
1	NGIR, 13.01.20	<ol style="list-style-type: none"> Kvar bustad skal ha opptil to dunkar. Ved fellesløyising må same volum per bueining veljast. Nedgraven renovasjonsløyising bør vurderast. Tilkomsveggar og snuplass må vere tilpassa renovasjonsbilen. Hentestader bør ikkje ligge i nærleik av leikeplass eller liknande. 	<p>Hyttekundar nyttar hyttekonteinarane som er sett ut til dagleg restavfall. Det finst eigne ordningar for anna type avfall som oppstår på hyttene.</p> <p>Nærmaste hyttekonteinar er plassert sør for planområdet, langs Revatangane, på gbnr. 81/1 (konteinarnummer 120359).</p>
2	Fylkesmannen i Vestland, 23.01.20	<ol style="list-style-type: none"> Planområdet ligg i det registrerte friluftsområdet Lindåspollane/Lindåsosane. Friluftsområdet er vurdert som svært viktig. Fylkesmannen er skeptisk til veg og parkering til kvar enkelt hytte av omsyn til terrenginngrep og negativ verknad på landskapet. I tillegg vises det til at ei slik endring vil kunne medføre press for liknande utbygging i andre hytteområde i strandsona. Naust på 30 m² var avgjort av Miljøverndepartementet i 2011 på bakgrunn av omsynet til terrenginngrep og beslaglagt strandsone. Rår i frå veg, parkering og større naust. 	<ol style="list-style-type: none"> Konsekvensane for friluftsområdet vil bli vurdert i planskildringa. Køyreveg og parkering vil medføre terrenginngrep, men vil ha ein marginal verknad på landskapet. Nær- og fjernverknad skal bli teke omsyn til. Det vil bli utarbeida illustrasjonar som viser konsekvensane for landskapet. Storleik på naust vil ikkje bli endra og for blir 30 m². Delvis tatt til følgje. Se punkt 3.
3	Fiskeridirektoratet, 04.02.20	<ol style="list-style-type: none"> Det er registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk i sjø som grensar til deler av planområdet. Ettersom varsel ikkje nemner tiltak i sjø kan dei ikkje sjå at planen vil føre til negative konsekvensar for gytefeltet. 	Gytefelt for torsk er registrert langs planområdets nordlege grense. Det er ikkje planlagt nye tiltak innanfor dette området. Planforslaget sine konsekvensar for fiskeri- og havbruk vil bli vurdert i planskildringa.
4	Fiskarlaget Vest, 07.02.20	<ol style="list-style-type: none"> Det er registrert gytefelt og område for passiv reiskap nord for planområdet. Det er uregistert fiskeaktivitet i området som «nye» fiskeri (leppefisk og sjøkreps). Ber om at føresegna legger til rette for miljøvenlege småbåthamner/-anlegg. 	Viser til kommentar til merknad frå Fiskeridirektoratet.
5	Statens vegvesen, 07.02.20	<ol style="list-style-type: none"> Legg til grunn at verknadane planløyisinga får for vegtransport og vegnett vert utgreia i planmaterialet. 	Planforslaget vil ikke få konsekvensar for trafikktryggleik eller framkomst på vegane ettersom det ikkje vert opna for ytterlegare fritidseiningar.

			Konsekvensar for vegtransport vil bli vurdert i planskildringa og ROS-analyse.
--	--	--	--

Merknadskart

Det kom ikke inn private merknader ved varsel om oppstart. Merknadskart er derfor ikke aktuelt.